

Kyrjeklokka

Nr 2 - 2021

Kyrkeblad for Indre Nordfjord

85. årgang



Foto: Jarle Hessevik

*Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tirer
i fagre fargar mellom stein og strå*

Saker i bispedømmerådet

Ny kyrkjelydstove i Hornindal

Aksjon for misjon

Eit spennande funn i Nedstryn kyrkje

Presteinnssetjing i Hornindal

Glimt frå speidaraktivitetar

Vårdugnader ved kyrkjene

17. mai i og ved kyrkja

Min salme

Våren, min hage, mi tru

Retreat på Holmely

Leirar på Nesholmen og Fjordly

Barnehagane på påskevandring

Tårnagentar

Mona Jill Band i Olden kyrkje

Barnesider

Songen sin verdi

Faste spalter



Andakt

Per Kristian Hovden Sætre,
sokneprest i Hornindal

Foto: Timon Wanner/Unsplash.com

Nikolai Astrup målte dramatiske jonsokbål. Maria Parr har ei i like delar dramatisk og komisk skildring av feiringa kring jonsokbålet i boka og TV-serien «Vaffelhjarte». Skikken med bålbrekking sommarstida har skapt sterke inntrykk. Logane mot sommarhimmelen vekker djupe kjensler og gamle minne. Både til pinse, jonsok og olsok har det vore vanleg å samle smått og stort av brennbart og samle bygda kring brisingen.

I år har eg lengta litt ekstra etter å samlast kring bålet. Mange og lange koronamånader med forbod mot arrangement av alle slag og kyrkjer som har vore både heilt og delvis stengde har tæra på sjela. Mange har hatt det særleg krevjande denne tida, det har vore vanskeleg å besøke dei som har vore på sjukeheimar og sjukehus, avstandane til familien har vorte større og mange har vore urolege for levebrødet. Men også det som har råka oss alle på same måten, tapet av det kvardagslege samværet med slekt, vener og sambygdingar, har slite på oss. Det er ein del av erfaringane våre frå dette året, det også.

I Elias Blix sine salmar er våren eit viktig motiv. Ofte må ein syngje alle versa for å få det med seg, men det er der, både i fedrelandssalmen «Gud signe vårt dyre fedreland» og i vårsalmen framfor nokon, «No livnar det i lundar». Få skildrar vårløysinga og gleda over

livet som kjempar seg fram like inderleg og elegant som Blix. Det dystre motstykket er den kalde, mørke og livlause vinteren. I sjelene våre trur eg me har kjent på ein slik stillstandsvinter heile det siste året. Når samfunnet no sakte og kontrollert opnar opp, og våren meir kraftfullt og kaotisk nærmar seg høgdepunktet, kan me, saman med salmediktaren, takke Gud for den livspusten som lyfter oss ut av vinteren og inn i sommaren. Blix skriv om denne livspusten:

Då ljøsar det i landet
frå fjell og ned til fjord.
Då losnar tungebandet,
då kved Guds folk i kor.
Då skin det over strender
som sol ein sumarkveld.
Då gløder kring i grender
ein heilag altareld.

«Den heilage altarelden» i siste linja der syner til brisingane som brenn langs strendene. Eg trur og håper at me får samlast kring båla denne sommaren, naturlegvis med handsprit og avstand og alt det der. Slik kan me få sjå folk skikkeleg igjen og glede oss over det livet me har fått i gåve og alt det me har lært at slett ikkje er sjølvstekt. Og så skal me med den største av dei nynorske salmediktarene få takke Gud for dei gåvene han gjev oss.

Kyrkjelokka

Les Kyrkjelokka på nettet: www.kyrkjelokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Jarle Hessevik

Forretningsfører, abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik Rindane 6, 6788 Olden.
Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.



Viktige saker i bispedømmerådet

ved Vemund Øiestad, leiar i Bjørgvin bispedømmeråd

Bjørgvin bispedøme er eit av dei store bispedøma. Berre Borg har fleire kyrkjemedlemmer enn Bjørgvin. Men Bjørgvin har flest sokn, 176, og har også flest prosti, 11. Med så mange sokn har også bispedømet flest årsverk presteteneste, 169. Årsbudsjettet som rådet vedtek er på over 200 mill. Stiftsdirektøren er dagleg leiar for kontoret og sekretær for bispedømerådet.

Bispedømerådet har 10 medlemmer. 3 frå Nominasjonskomiteen si liste, 3 frå Open folkekyrkje, 1 frå Bønelista, 1 presterepresentant og 1 repr lek kyrkjeleg tilsett, og sjølvsgatt biskopen. Vi kan ikkje ha møte utan biskopen er til stades.

Etter oppmoding frå redaktøren i Kyrkjeklokka skrive eg litt om saker vi har hatt i rådet. Ein del andre saker vi har er m.a. høyringar, t.d. frå Kyrkjerådet med (altfor) mykje tekst å setje seg inn i, men vi har ein god administrasjon som lagar utkast til høyringssvar.

Sist haust hadde vi nokre saker eg spesielt vil nemne:

Spørsmål om samlivsform ved tilsetjing

Bjørgvin var inntil i fjor eitt av 4 bispedøme som framleis hadde vedtak om å ha med i utlysingstekst å kunne etterspørje samlivsform og kunne vektlegge dette ved tilsetjing. Vi tok opp att denne saka til behandling i rådet første gong 30.09.2020.

I saksutgreiinga til møtet stod mellom anna dette:

«Omgrepet samlivsform i § 30 3. ledd må sjåast i samanheng med dei formene for diskriminering som lova forbyr. Når ordet «samlivsform» står skrive i § 30 3. ledd, meiner ein samlivsform sett i samanheng med seksuell orientering etter 1. ledd bokstav e. Det vil seie at sivil status i seg sjølv (t.d. om ein er gift eller sambuar) ikkje har eit vern mot diskriminering etter lova. Dette er også avklart av Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO).

Når det gjeld opplysingar om ein søker er sambuar (uavhengig av seksuell orientering), høyrer dette inn under biskopen sitt tilsyn. Bispedømerådet vurderer tilsetjing på bakgrunn av kvalifikasjonsprinsippet, og

sivil status i seg sjølv vil då ikkje vere eit sakleg omsyn å vektleggje.»

Vi hadde som vanleg ei god samtale på møtet, men fekk tidsnaud og utsette å gjere vedtak til møte 13.11.2020. Vi gjorde då fylgjande vedtak (8 mot 2 røyster) :

«Bjørgvin bispedømeråd vil ikkje lenger hente inn opplysingar om søkerar si samlivsform og vil fjerne denne setninga frå sine utlysingstekstar.»

Ordinasjon og kollegafelleskap

I Bispemøtet 12.10.2020 sak 59/20 i vedtakspunkt 1. Ordinasjon og kollegafelleskap står det mellom anna i underpunkt 3: *«Den som blir ordinert eller tilsatt i prestetjeneste forplikter seg på Den norske kirkes lære og ordninger. En prest kan ikke påberope seg en rettighet til å avstå fra samarbeid med andre prestekolleger. Det eksisterer ikke noen slik reservasjonsrett i vår kirkes ordninger.»*

Med dette som bakgrunn gjorde bispedømerådet fylgjande vedtak i møtet 13.11.2020:

«Bjørgvin bispedømeråd legg Bispemøtets vedtak om ordinasjon og kollegafelleskap (Sak BM 59/20) til grunn ved framtidige tilsetjingar i bispedømet.

Unnatak frå dette kan skje ved skifte av arbeidsstad for dei som allereie er tilsette i rettssubjektet Den norske kyrkja. Bispedømerådet vil aktivt fremje eit arbeidsmiljø der kvinner og menn gjensidig opplever annerkjenning av si presteteneste.»

I vår kom det ein ny rapport om Arbeidsmiljø for kvinnelege prestar. Bjørgvin kom ikkje godt ut på ein del punkt. Men vi ser at personaladministrasjonen og biskopen tek saka på største alvor og orienterer også rådet. Og eg er glad for at vi gjorde nemnde vedtak før rapporten kom.

Tilsetjingssaker

Rådet har alle tilsetjingar av prostar og prestar i kyrkja i Bjørgvin. Men før vi får saka til avgjerd, har den vore gjennom ein prosess for aktuelle kandidatar med referansar, intervju, uttale frå aktuelle sokn og innstilling. Innstillingsrådet er samansett stiftsdirektør, prost, tenestemannsrepresentant og no også ein representant frå aktuelt sokneråd. I 2020 hadde vi 20 utlysingar til

presteteneste, 5 av desse vart lyst ut fleire gonger. Totalt var det 27 søknader og vi tilsette 15 prestar i 2020.

Pr 1. juni har vi i år tilsett 9 prestar. I årsmeldinga til Bjørgvin står mellom anna følgjande vurdering om bemanningssituasjonen: «*Bjørgvin bispedøme har høg alderssamansetting på presteskapet. Det er positivt med fleire yngre søkjarar i 2020, men ein må erstatte 2/3 av presteskapet i løpet av 20 år*».

Ny Strategiplan for Bjørgvin

I mai/juni 2020 starta arbeidet med ny Strategiplan. Det var sett ned eit breitt samansett strategiutval. Desse var representert: bispedømerådet, ungdomsrådet, prost, tenestemannsrepresentant, kyrkjevevje, kyrkjefagavdelinga og sekretærfunksjon frå bispedømekontoret. Rådet behandla framlegg til Strategiplan i 2 møte og gjorde vedtak 02. februar 2021. (Sjå eiga rute for innhald)

Ny kyrkjeleg organisering

Det som opptek mange i kyrkja no, er dokumentet som er utarbeidd om Ny kyrkjeleg organisering. Det var forslag på høyringsdokument om dette til møtet i Kyrkjerådet 27.-28. mai, men det vart ikkje gjort vedtak om utsending. Det er nytt møte i Kyrkjerådet 15. juni, og truleg blir det høyring med frist 1. desember i år. Kyrkjerådet har bedt biskop og leiar i bispedømerådet om å ha møte med leiar i kyrkjevevjelaget for å organisere opplegg i bispedøma. Det resulterte i at det blir sendt brev til prost og kyrkjevevje om at det er semje om prostvise samlingar i tråd med slik ein organiserer soknerådskursar. I brevet vert prost og kyrkjevevje som sit i kyrkjevevjelaget sitt styre, utfordra til å ta initiativ til at det vert laga eitt eller fleire møte for alle sokneråd i prostiet, der saka kan bli opplyst. Det vil bli laga materiell og opplegg for slike møte frå Kyrkjerådet. Dette er den viktigaste saka i kyrkja vår på lang tid. Alle kan finne om dette på nettet, og det er fritt fram å engasjere seg i debatten.

Vemund Øiestad

leiar Bjørgvin bispedømeråd.

Kyrkja i Bjørgvin vil i perioden 2021-2024 særleg arbeide for at:

1. Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gåve som ein mottok i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva

2. Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan

- vere – og finne trygge og gode møteplassar
- skape – og bruke sine eigne kulturelle uttrykksformer
- bere – og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
- tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap

3. Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å

- inspirere fleire til å bruke sine evner og gaver i frivillig teneste
- nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
- fremje gjevarteneste

4. Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å

- la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
- fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
- utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet

5. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling

Kyrkja i Bjørgvin vil nå sine mål ved å vere:

- Open
- Synleg
- Nær

Kyrkjeeverja

Frå trillebår til minilastar

Arbeidet på gravplassane er krevjande med omsyn til både presisjon og estetikk, - og ikkje minst når det gjeld fysisk belastning. Det vert leigt inn maskiner til graving og dei tyngste løfta, men det har lenge vore eit ynskje å få eit hjelpemiddel som kan lette det daglege arbeidet. No har Fellesrådet gått til innkjøp av ein minilastar av typen Avant. Denne kan enkelt frakast på ein tilhengar, og har alt synt seg svært anvendeleg i arbeidet rundt på gravplassane. Dei tilsette er godt nøgde med å ha fått eit tenleg og etterlengta hjelpemiddel til dagleg bruk.



Rehabilitering av Olden gamle kyrkje

I løpet av sommar/haust vil det bli gjennomført ei rehabilitering av Olden gamle kyrkje. Det er godt synleg at både tak, vindauger og døra mot sør treng omfattande vøling. I tillegg vart det sist vinter oppdaga alvorlege roteskader i tårnet, mellom anna må tårnkransen skiftast. Roteskadene har medført synlege lekkasjar inn i kyrkjerommet, difor hastar det å få dette tiltaket gjennomført. Etter plan for anbudsprosessen vil det bli inngått avtale med leverandør i siste halvdel av juni, og tiltaket skal avsluttast innan oktober. Prosjektet blir gjennomført med støtte frå Riksantikvaren (kr. 900.000) og øyremerka løyving frå Stryn kommune (kr. 600.000).

K.S.M.



Kyrkja i indre Nordfjord



Stryn kyrjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjeeverje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 930 01 473

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik, Innvik og Olden

Sokneprest Harald Runde, tlf 911 84 241

runde.harald@gmail.com

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspedagog Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Trusopplærer

Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Volda kyrjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00 – 14.00
onsd kl 10:30 – 14:00

Kyrkjeeverje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjeeverja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Per Kristian Hovden Sætre, tlf 957 69 292

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Bygging av ny kyrkjelydsstove i Hornindal

Av soknerådsleiar

Christine Helgesen Haugen

Sidan 80-tallet har vi hatt kyrkjelydsstove i gamle Kirkhorn skule. Planer om ny kyrkjelydsstove starta i det små for nokre år sidan då vi i god tid vart varsla om kommunen sin plan om å selje skulebygget. Skulen er no seld og vi har fått kompensasjon av kommunen for tap av lokalet. Denne kompensasjonen, saman med oppsparte midlar frå blant anna basarar og kollekt, har gitt oss godt grunnlag for at byggeplanane no endeleg skal ta form. I arbeidet med å finne eit nytt lokale vart det vurdert ulike stadar og løysingar som t.d. å leige. Dette vart etter kvart vurdert som eit dårlegare alternativ enn å eige noko som fleire kan ha glede av. For-eininga Grobygget si opprusting av gamle Gro fabriken kom difor som ein gåvepakke for oss. Dei har gjort ein formidabel innsats med å setje bygget i stand til eit allbrukshus for lag og organisasjonar. Kyrkjelydsstova har fått eit lokale på 120 kvm i sørenden av Grobygget, med fantastisk utsikt utover Hornindalsvatnet. Dette arealet kan vi disponere og innreie slik vi ynskjer.

Saniteten har i lang tid hatt eit godt samarbeid med Soknerådet og Kyrkjeringane, dette samarbeidet fortset i oppbygging og bruk av den nye stova.

I næraste framtid kjem profesjonell snekkar til å lekte opp veggane og passe på at alt forarbeid er korrekt. Etter kvart vert det behov for dugnadsinnsats og då håpar vi å nå ut til alle som synest det er kjekt å bidra på slike prosjekt. Nokre av oppgåvene vi veit om no, er å setje opp veggplater, sparkle, pusse, måle, rydde, leggje golv og montere kjøkkeninnreing. Om du kunne tenkje deg å vere med på noko av dette så ver venleg å meld frå til Christine Haugen på tlf. 469 68 804, e-post: haugenfamilien@gmail.com. Eller til May-Helen Flaten på tlf. 908 34 754.

Planlegging av kyrkjelydsstova i den nyopna Grosalen.

Frå venstre: May-Helen Lødemel Flaten, Jorunn Anne Remme Tomasgard, Anett Mari Bugjerde, Christine Helgesen Haugen, Anne Lødemel Honningsvåg, Laila Støve Otterdal og Arvid Sølberg.



Sparkling og pussing av takbjelkar



Utsikten ut over vatnet er i alle fall ikkje noko å seie på!



Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen

- ved Henny Koppen

Denne gongen må eg innrømme at tankane kom til meg ved datamaskinen, og ikkje langs den fysiske vegen. For det kom ei tydeleg oppfordring frå Samarbeidsrådet for kyrkje og misjon: Bli med på aksjonen: «Saman som kyrkje i heile verda». Det er ein innsamlingsaksjon, og den rettar seg mot det prosjektet som kvar enkelt kyrkjelyd har gjennom ein av misjonsorganisasjonane våre. Grunnen til at aksjonen kjem akkurat no, er koronakrisa. Alle land har ekstra utfordringar i denne tida, og dei fattige landa treng særleg mykje hjelp. Kvar av kyrkjelydane i Stryn har eit misjonsprosjekt gjennom NMS, Det norske misjonsselskap, og dei fleste samlar inn til arbeidet mellom Fulanifolket i Mali. Her kjem ei oppdatering:

Sidan 2012 har det vore mykje uro i Mali. Tusenvis av menneske har flykta frå omreisande militsgrupper som gjer overgrep mot befolkninga. Klimaendringar fører til dårlege avlingar, mange har ikkje nok å ete og det finst ikkje arbeid å få. Pandemien gjer situasjonen i landet enda vanskelegare.

NMS arbeider blant fulanifolket i Mali. Fulaniane var tidlegare eit herskarfolk i Mali, men no er dei ei marginalisert gruppe. Mange lever frå hand til munn. Fulaniar som blir kristne er utsette for trugsmål. Både fulaniane og dei fleste andre folkegrupper i Mali har tradisjon for omskjering av jenter. Mange kvinner får ikkje spelrom til å seie si mening og ta ansvar for eige liv.

Modige misjonærar frå Kamerun, Nigeria og Norge gjer sitt beste for å gi menneske i Mali den tryggleiken dei treng. Dei jobbar tett med lokale medarbeidarar og med styresmaktene. Det handlar om mat og klede til menneske som er på flukt. Det handlar om å gi ungdommar mot til å seie frå, og anledning til å spare pengar og starte inn-tekstsskapande prosjekt. Det handlar

om landsbyar som gjer kjent at dei vil slutte med omskjering av jenter. Det handlar om å gi tryggleik og fellesskap til menneske som mot alle odds vil tru på Jesus.

«Saman som kyrkje i heile verda» er ei satsing i denne tida. Oppdraget er å samle inn like mykje eller helst litt meir enn det ein vanlegvis gjer, og at ein minner kyrkjelyden om at vi står saman med dei som lid og har det vanskeleg i andre land.

Misjonsoppdraget er ikkje slutt, det diakonale arbeidet går føre seg for fullt. I Mali ser vi at det nyttar, vår innsats gjer livet betre for folk som treng oss. Misjonen støttar to flyktningleirar i Mali med mat, klede og skulesaker. Og misjonen samlar folk til gudstenester og forkynner den glade budskapen. Dei kristne får samlast for å takke og be. Og misjonen gjer stadig framsteg i arbeidet mot omskjering av jenter. Misjonær Thomas Magadji, som arbeider i Mali, seier dette til slutt i sitt takkebrev til kyrkjelydane våre: Kjære norske vener. Eg seier som Paulus: Lat oss ikkje bli trøytte av å gjere det gode. Eg ber dykk om å halde fram med å be for oss, spesielt om fleire misjonærar og om fred i landet. Tusen takk for all støtte. Må Gud vel- signe dykk med fred og glede.



Foto: Neergard



Kyrkja i Indre Nordfjord sin innsamlingsaksjon for NMS - Det Norske Misjonsselskap

Innsamlingsaksjon for NMS - Det Norske Misjonsselskap av Kyrkja i Indre Nordfjord

Aksjon for misjon

Idear til aktivitet

- Bilrebus, (båt, sykkel, til fots) – påmeldingsavgift med minimumssum (som går til misjonsprosjektet).
 - Utandørs basar – loddsal via vipps.
 - Løpe, vandre, gå – aktivitetsløype, tur, løp med påmeldingsavgift, sponning el.
 - Utandørs familiedag, misjonstivoli, grilling m/salg, vaffelsalg.
 - Vipps-aksjon – eller vipps-basar?
 - Ekstra kollekt eller innsamling.
- (NB! – tilpass til lokale koronareglar – pass avstand, kohortar og spriting mm).

Aktivitetar i Bjørgvin så langt: Spleis, vippsaksjon (lær om Vipps- kategoriar og handlekorg), misjonstivoli, sporløype, misjonsløp med sponsorar, utandørs kyrkjekaffi med sal av kaker/pølser osb, misjongudsteneste med vårrullar i etterkant, ekstra gåve frå soknerådet..

VI ER I GANG!

Ein god del kyrkjelydar i Bjørgvin er allereie i gang!

Biskopen anbefaler deltaking! Det er lov å endre offerformålet i aksjonstida.

Bli gjerne med! (Skal vi i Bjørgvin bli «betre» enn Stavanger og Møre?)

Lenke: <https://kirken.no/sammen>



Kyrkja i Indre Nordfjord ► Kyrkja i Indre Nordfjord sin innsamlingsaksjon for NMS - Det Norske Misjonsselskap

22. mai kl. 10:59 · Innsamlingsaksjonar på Facebook ·

Saman som kyrkje i heile verda

Biskopen i Bjørgvin oppmodar alle kyrkjelydar til å bli med på eit krafttak for våre søsken i andre delar av verda

Difor har vi oppretta denne aksjonen til NMS der vi har våre misjonsprosjekt.

Aksjonen "Saman som kyrkje i heile verda" er ein felles solidaritetsaksjon under pandemien som vart arrangert for første gong i 2020. Målet er at kvar kyrkjelyd prøver å bidra med ekstra innsats for å hjelpa våre kristne søsken rundt om i verda.

Kyrkja i Indre Nordfjord starta sin aksjon som går frå

«Kristi himmelfart til Jonsok».



Doner

vipps

Du kan støtte innsamlinga ved å søkje opp innsamlingsaksjonen på Face-book, «Kyrkja i Indre Nordfjord», eller direkte til innsamlinga:

<https://www.facebook.com/donate/136853378464981/2804866823097385/>

Du kan også søkje opp din eigen kyrkjelyd og gje di gåve på Vipps. Då er det fint om du skriv ei kort melding, t.d.: **Aksjon for misjon.**



BØN

Herre, vi ber deg for Mali og spesielt for fulani-folket. Takk for kvar og ein som har fått høyre om deg og som har begynt å følge Jesus. Takk for at dei kristne fulaniane opplever at du beskyttar dei og hjelper dei. Vi ber om at du vil fortsetje å velsigne og bevare dei små kyrkjelydane med kristne fulaniar som finst i Mali. Takk for at vi høyrer saman slik alle kyrkjer i verda høyrer saman.

Herre høyr vår bøn.

Gode Gud, vi legg fram for deg all uro som har ramma Mali dei siste ti åra, og som gjer kvardagen så utrygg for menneska der. Vi ber for alle som er redde for angrep frå ustabile militsgrupper. Vi ber for dei som blir forsøkt rekruttert og som blir rekruttert til islamistiske grupperingar, om at dei kan få både forstand og mot til å ta avstand frå fundamentalisme. Vi ber for den politiske situasjonen, om at landet igjen kan bli eit demokrati, og at styresmaktene kan få handlingsrom til å beskytte befolkninga og skape eit stabilt samfunn igjen.

Herre høyr vår bøn.

Så ber vi i Jesu namn for arbeidet som vår kyrkjelyd støttar i Mali. Vi ber deg for misjonæra frå Kamerun og Nigeria som no er i Mali. Vi ber for bibeloversetjar Anne Lise Matre og evangelist-misjonær Frode Brügger Sætre om at dei kan halde fram arbeidet i Mali til hausten som planlagt. Vi ber for alt kyrkjelydsarbeidet, for kvinnegrupper og ungdomsgrupper, leirar og undervisning. Vi ber for diakoniarbeidet som hjelper internflyktningar. Vi ber for landsbyutviklingsprosjektet som kjempar mot omskjering av jenter. Takk for at vi kan få vere med på å gi tryggleik og framtid til menneske i Mali!

Herre høyr vår bøn.

Foto: Kirken.no



Eit spennande funn i Nedstryn kyrkje:

1600-tals offiserskârde funnen på loftet

Tekst og bilete: Jostein Bøe

«Nedstrynkården» er ein militær offiserskârde. Den er truleg laga i byen Solingen i Tyskland, og er tidfesta til perioden 1670-1700. Dyrefiguren på klinga er den legendariske «*laufender wolf*» eller «springande ulv», som også er kjend som «*Der Passauer Wolf*» eller Passau-ulven etter den tyske byen Passau, nær grensa til Austerrike.

Under renessansen, som starta i Italia tidleg på 1400-talet, er Passau nest etter Solingen det største senteret for produksjon av klinger og andre blankvåpen i Tyskland. Smedane i Passau starta med å merke klingene sine med ulven, som var i byvåpenet deira. Overtruiske krigarar trudde at Passau-ulven gjorde berarane av våpenet usårlege, og derfor vart desse klingene svært populære. Dette var starten på det som seinare har blitt kalla Passaukunst, som er definert som magiske eller beskyttande symbol og tekstar på våpen.

Sverd- og klingsmedar i Solingen såg at ulven frå Passau vart veldig populær, og dei piratkopierte derfor varemerket. Rundt år 1700 selde Solingen sine klingemakarar fleire klinger med gravert Passau-ulv enn klingemakarar frå Passau gjorde. Etterkvart vart Passau-ulven kopiert også til Spania, England og eit titals andre land.

Nedstrynkården liknar mest på den kârdetypen som vart laga i Solingen i siste halvdel av 1600-talet. Særleg i Danmark/Noreg vart sverd og kârdar frå desse byane veldig populære, både som soldatsverd (mannskapsverd) og offiserskârdar. Klingene var kjende for utsøkt kvalitet, og tysk masseproduksjon var allereie på den tid berømt for sin perfektjon. Solingen er også i dag eit av dei sterkaste merkenamna for knivstål.

Det er prega «IN TE DOMINE» i blodranda på klinga, i tillegg til fine små kryss som dekor. «IN TE DOMINE» betyr «I DEG HERRE» på latin, og dette vart brukt for å gje ei åndeleg kraft til klinga, og på den måten beskytte soldatane i kampene. Dei forseggjorde talismanske pregingane er like på begge sider av klinga.


Enden på kården (knappen), er flott dekorert, på same måte som partiet mellom treskjeftet og klinga og sjølve bøyelen rundt treskjeftet. Også dei nyreforma parérplatene er fint utsmidde med nydeleg dekor. Teknikkane som vart brukte, var kombinasjon av smiding

og ei tidleg form for sponskjering. Treverket i skjeftet er truleg ikkje originalt, og vi trur derfor dette sverdet kan ha lege i ei grav.

Det er mogleg å tenke seg at Nedstrynkården kjem frå ei grav under golvet i den gamle tømra krosskyrkja som var bygd rundt 1650. Da denne vart riven for å gje



Før og etter restaureringa.



Nedstrynkården har vore ganske rusta, og stemplingar og dekor var lite synleg slik den låg på kyrkjeloftet. Stålet vart derfor lett restaurert i mars 2021 av den lokale smeden Jostein Bøe, for å få fram igjen det nydelege industrielle handverket frå 1600 talet. Datering er utført av Tollef Moe, Norsk Våpenhistorisk Selskap.

plass til den nye kyrkja, innvigd i 1859, er det ikkje umogleg at dette våpenet kan ha dukka opp i den samanhengen og at det då har blitt restaurert med eit nytt skjefte av tre. Originalt var treskjeftet vikla med tynn tvinna stålstreng, og denne er truleg rusta vekk.

Det var ikkje uvanleg på 1600-talet at mektige offiserar i militære vart gravlagde i kyrkjer. Ein offiser var på mange måtar mektigare enn både prest og fut, da han var direkte underlagt kongen. Særleg i steinkyrkjer var det vanleg at offiserar vart gravlagt i krypter under kyrkjegolv. Ofte vart dei gravlagde med våpenet sitt innpakka i eit svart klede ved sidan av seg.

Skikken med å legge våpen i grava er ein gamal tradisjon frå vikingtida. Ein ville at krigaren, viss han var det, skulde ha noko å forsvare seg med i det hinsidige. Det skal nemnast at det er kjent minst fire kvinnegraver frå vikingtida med våpen. Då kristendommen kom til kongeriket, blei det slutt med våpen i grava, men på 1400-talet kom skikken tilbake. Særleg på 1600-talet vart dette vanleg, men siste gong vi veit det skjer i Norge, er i 1860.

Det kan alternativt tenkast at kården har vore hengt opp i kyrkja, - ei minnetavle (epitafium) og den avdøde sitt blanke våpen. Eit svart tøyestykke (sørgeflor) vart då oftast festa på våpenet. Spor etter eit slikt tøyestykke var også på Nedstrynkården. Kanskje er det litt rart at tre-skjeftet måtte restaurerast viss ein skal følgje denne teorien.

Kården er smidd av tysk kvalitetsstål, og den ypparlege stålqualiteten er nok ei god forklaring på kvifor tyskarane var dei leiande sverd- og klingemakarane på denne tida. Klinga er 69 cm lang, og totalt er kården 87,5 cm. Dette er ein kårde som er ca 10 cm kortare enn dei fleste andre ein har funne. Kården er eit eihands-våpen og vert kalla eit kortsverd.

Vi har i dag ikkje kunnskap om kven som har vore eigar av Nedstrynkården.

Når denne utgåva av Kyrkjeklokka kjem ut, vil kården vere på plass i ein monter i våpenhuset i Nedstryn kyrkje, saman med ein informasjonsplakat.

Ny sokneprest på plass i Hornindal

07. mars fekk kyrkjelyden i Hornindal endeleg ta i mot Per Kristian Hovden Sætre som vår nye sokneprest! Prost Ingeborg Matre stod for innsetjinga. Sokneprest i Volda, Kristian Myklebust, helste frå prestane på Sunnmøre og kollegaene i Volda, og soknerådsleiar Christine Helgesen Haugen ynskje soknepresten velkomen på vegne av kyrkjelyden. Vi ynskjer Per Kristian Guds signing over tenesta her hos oss!



7.mars var det innsetjing av ny sokneprest i Hornindal. Per Kristian er sokneprest også for Austefjord og Bjørke.


Foto: Christine Haugen





*Glimt frå to flotte speidaropplevingar denne våren:
Speidargudstenesta ved Speidarhuset og ein kano-
haik til vakre Nesdal ein strålende kveld og morgon.*

Foto: leiarane



Navnet Jesus blekner aldri

Tekst: David Welander 1923.
Melodi frå Zulu-kyrkja

Navnet Jesus blekner aldri,
Tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig,
Ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle,
Skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle
Alle sjeler inn til Gud.

Navnet Jesus må jeg elske,
Det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
Intet annet frelse kan.

Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,
La det runge over jord!
Intet annet verden bringer
Håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike,
For det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike
Skyte friske skudd på ny.

Navnet Jesus må jeg elske,
Det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
Intet annet frelse kan.

Midt i nattens mørke blinker
Som et fyrlys Jesu navn,
Og hver hjelpløs seiler vinker
Inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner,
Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger
Høyt dets pris i himmelen!

Navnet Jesus må jeg elske,
Det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
Intet annet frelse kan.

Eg utfordrar **Ståle Inge Muri** til
å skrive i neste nummer.

Mín salme

- Ingeborg Nygjerd



Å høyre på musikk i bilen syns eg er fint. Då går det i alt mulig; Gammal og ny popmusikk, jazz, rap, balladar, m.m. Eg bruker å seie at god musikk må enten få meg til å ville danse eller syngje med. Men så er det salmane, då. For meg er dei i ein heilt eigen kategori. Ein salme som betyr mykje for meg er 'Navnet Jesus'. Denne vart skriven av David Welander i 1923, og er opp gjennom åra kåra til både "alle tiders salme", "århundrets bedehussang" og "århundrets salme" her i Norge

Teksten i 'Navnet Jesus' er fin og melodien understrekar innhaldet veldig godt, men det som grip meg er at når eg syng den så kjenner eg at orda er mine. Det blir ein lovsong rett frå hjartet mitt. Gjennom denne salmen får eg uttrykt så sterkt og inderleg akkurat det eg føler, for eg har opplevd at Jesus ikkje berre er med i dei gode dagane, men også når det er vanskeleg. Han er med gjennom absolutt alt.

For nærare 25 år sidan møtte eg veggen såpass at det sette meg nesten heilt ut av spel ei periode. Eg var full av angst og enda til slutt med å vere omtrent berre heime. Gjennom denne vanskelege tida fekk eg erfare at dette med "håp og trøst" stemmer. Sjølv om eg var skjelvande og redd, og ikkje orka be så mykje eingong, kunne eg kjenne at Guds kjærleik på ein uforklarleg måte låg under og heldt meg. Om angsten storma på overflata, så var der ein stabil undertone av fred som ikkje kom av meg sjølv. Det er ei spesiell oppleving, og eg kjenner at slik er det framleis. Uavhengig av korleis livet er, så veit eg at eg har eit fundament å stå på som held. Dette gjer at eg syng "Navnet Jesus" med endå større kjærleik og takksemd enn før. Slik sett kom det noko godt ut av det. Å kjenne Guds kjærleik set sjela i brann.

Eg trur denne salmen rører mange andre på same måte. Alle opplever utfordringar i løpet av livet, og siste par åra har vore ekstra usikre for folk flest. I tillegg blir vi bombarderte med så mykje negativt gjennom media. Då blir det den rake motsetnad å høyre denne salmen! Her er det håp, glede og lys. Her får vi juble over at der er noko som er sterkare enn alt hat og all vondskap i verda; Ein evig kjærleik som er med oss gjennom både oppturar og nedturar og vidare til det neste livet. Eg er einig med Welander; Vi burde "la det runge over jord".

Ingeborg Nygjerd

Tid for dugnad

Oppstryn og Utvik

Det nærma seg mai, og det var på tide med dugnad ved kyrkja i Oppstryn. Den veka vi hengde opp plakatar og annonserte på Facebook, låg det snø i Oppstryn. Det var litt spennande om dugnaden let seg gjennomføre.

Laurdag 24. april vakna vi til snøbyer i lufta, men heldigvis var bakken fri for snø. Så då var det berre å kle seg godt, og pakke med seg river og sakser og det som trengs til ein dugnad.

Vi var 8 personar som møtte. Dei fleste jobba ute på kyrkjegarden med å rake, rydde vekk kvist og reinske grusgangen. Inne vart det tørka støv, støvsuga og pus-sa sølv og messing.

(Seinare skal reiskapshuset vaskast og målast av nokre som ikkje hadde anledning å møte denne dagen).

Og til slutt, viktigast av alt; ein pause med kaffi og kringle og ein god prat.

Tekst og foto: Beate Ø. Glomnes



6. mai var det klart for dugnad på Utvik kyrkjegard. Innearbeidet var støvsuging, vask av benkar og det vart gjort hygienisk reint der det trongst. I desse korona-tider er det eigentleg viktig at det meste blir vaska. Også messing og anna blankt metall av ymse kategoriar fekk ei real fornying.

Det er veldig bra med denne dugnaden kvar einaste vår. I private heimar har ein av og til nedvask i huset. Det kan vere naudsynt også i kyrkja.

Ein stor molddunge vart køyrt ut og planert der det trongst på kyrkjegarden. Raking av plen er også viktig, for i løpet av vinteren er det mykje smågreiner og lauv som legg seg. Også rosebedet ved inngangspartiet fekk fornying. Der skar ein ned rosetrea med fagleg innsikt og spadde ny kant rundt.

Kjekt med dugnad – det er sosialt og skapar arbeidsfellesskap. Innimellom blir det og tid til prat om laust og fast. Ekstra bonus er det når soknerådet spanderer kaffi, kaker og ein heil pakke twist til dei 15 fram-møtte.

Berit Nesdal Hage og Turid Lee Frantzen pussar messing og sølv. Oddvar Veiteberg og Torunn Solheim planerer jord.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Våren, min hage, mi tru

Tekst og foto: Ragnhild Roset

Eg har blitt oppmoda av soknerådet til å skrive litt om våren, om hagen min og trua mi.

Alle årstider kan vere fine på kvar sin måte, men våren er min favoritt. Eg sluttar aldri å glede meg over den. Å høyre lamma på bøen som ropar på mora si og sjå kor naturen vaknar til liv er like fint kvart år. Sjølv gyllelukta er eit kjærkome teikn på vår. Når småfuglane startar songen sin i halv fire tida i skogen kan du rett etter høyre kurring av orren viss du er på rett plass. Eg har gjort fleire forsøk på å få sjå orreleik der eg trur han kan dukke opp, men har måtte nøye meg med å høyre spelet lenger vekke. Likevel har eg håpet om at kanskje neste gong ...

Også i hagen vaknar det til liv. Vi var så heldige å «arve» ei gammal smie som står i nær heita av tunet vårt. Etter å ha saga ned ein del tre så kom der fram ein fin, solbrun austvegg. Då klødde det i fingrane mine etter å grave og plante i området og til slutt var heile skråninga dekkja av diverse vekstar. Ei hengekøye har fått plass i trea ved sida av. Der har eg overnatta fleire sommarnetter og sett ivrige småfuglar flyge ut og inn av fuglekassene med mat til ungane sine. På andre sida renn ein liten bekk ned der Bukkane Bruse skundar seg over brua medan trollet står i elva under og ser på dei. Berre fantasien kan setje stoppar for å dekorere dette området. Og her ved veggen på smia har eg laga meg ein liten benk der eg ofte sit med morgonkaffien min og let tankane fare.

Eg vart enkje då eg var 51 år og då kom tankane: Kva skjer etter døden, er der noko meir? Heldigvis hadde eg barnelærdomen og hugsa bibelordet som eg las på konfirmasjonsdagen min. Joh.3.16. **«For så elskka Gud verda at han gav Son sin den einborne så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»** Dette blei eit vendepunkt i livet mitt. Men innimellom kjem tankane: Er eg god nok? Les eg nok i Bibelen? Ber eg nok? Svaret er nok NEI. Då trøstar eg meg med 1.Joh 5.13. **«Dette skal de vite at de har evig liv, de som trur på namnet åt Guds son».**



Og ja, EG TRUR. Når eg tenkjer på at det var barnelærdomen som hjelpte meg til å finne vegen til Gud, så bekymrar det meg at ungane no får så lite kristendomsundervisning i skulen. I Rom 10.14 står det: **«Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at einkvan forkynner?»** Ja, vi har ein jobb å gjere!!!

Rettingar frå nummer 1-21:

1) Vi kom i skade for å skrive at soknerådet i Utvik deler ut påskeliljer palmesøndag. Det er Utvik barnekor som kjøper inn og deler ut påskeliljene.

2) I summeringa for Hornindal, Nordsida, Randabygd har det i summen for ofring sneke seg inn ein null for mykje. Summen skal være kr 64 631. Til saman for alle 9 sokna er offer for 2020 kr 296 487 (ein nedgang frå 2019: Kr 92 378).

Kyrkja og 17.mai



Ekte gudsteneste i fleire kyrkjer på 17.mai. Korsong av Kor-ona-koret i Nedstryn (bilete frå opptaket til gudsteneste på Stryn Radio og på nett) og prat på kyrkjetrappa, hornmusikk i Innvik og kransenedlegging i Oppstryn. Vi kunne endeleg feire grunnlovsdagen i kyrkja igjen, sjølv om der ikkje var plass til så mange.



Foto: Frå Nedstryn Margaret Flo, frå Innvik Gunn-Bente Skåden, frå Oppstryn Bente Ø. Glomnes

Kva er retreat? Samtale med Solveig Gjørven

Av Olaug Mork

I forrige utgåve av Kyrkjelokka stod der om retre-atsenteret Holmely som ligg som ei perle like i sjøkanten på Bryggja. Men kva er retreat?

Solveig Gjørven er med i styret på Holmely, så eg tok ein prat med ho.

Ho bur på gard i Hjelledalen, der ho og familien driv som sjølvstendig næringsdrivande innan jordbruk og turisme. Solveig jobbar òg noko i heimetenesta i Stryn kommune innan feltet psykiatri og rus. For å samle energi og overskot, har Solveig vore på Sandom retre-atsenter på Garmo. Det opplevde ho som veldig bra, og Holmely er litt same konseptet men òg veldig annleis. Solveig engasjerte seg utifrå denne positive erfaringa ho gjorde seg med retreat, og svarte ja då ho vart spurd om å bli med i styret for Holmely for ca 6 år sidan. Ho har sett på det som ei spennande utfordring for henne å vere på Holmely.

Miljøet der har vore inne i eit generasjonsskifte. Vi ser det som viktig å legge til rette for alle generasjonar for at plassen skal vere framtidsretta og at mange skal ha glede av å vere der, seier Solveig. Å tenkje økumenisk, på tvers av organisasjonar og andre skiljelinjer, ser eg som viktig. Og å kunne vere med på å legge til rette for og vidareutvikle slike type fellesskap.

Holmely er ein fantastisk fin plass og eit kjempefint fellesskap, med felles mål for framtida for retreaten. Holmely er ein plass for ettertanke, til å få kunne senke skuldrane, til påfyll og avslapping. Ein plass å kunne bruke eigentid til refleksjon.

Solveig viser til eit sitat av Voltaire: «Å verdsette er ein vidunderleg ting. Det gjer at det beste hos andre tilhøyrer alle!» I det, seier Solveig, synest eg det ligg mykje. Det er eit livsmotto. Ja til mangfald, ja til farge-rikt fellesskap, ja til livet. Ei friheit under ansvar. Ja til inkludering og fellesskap som set ein fri.

Retreat betyr retrett, å trekkje seg tilbake og finst i mange former og tradisjonar. Fellesnemnaren er stillheit, å vere ein stad ein kan vere i fred og stillheit, eller nærare bestemt heilt eller delvis tausheit. Tausheit er retreat sitt tydelegaste kjenneteikn og verkemiddel. Retreat-prosessen består av ein personleg prosess der ein får ein djupare forståing av seg sjølv og av Gud (den tre-einige). I denne prosessen kan gode og vanskelege tankar og følelsar kome fram. Så det kan vere bra å vere førebudd på at retreat også kan vere krev-

jande då prosessen kan variere frå person til person og frå retreat til retreat. Å vere ilag i stillheit og bøn gir likevel ein sterk oppleving av fellesskap. Som deltakar vert ein teken godt vare på av personalet eller husfolket som dei vert kalla.

Solveig seier at grunntanken er å bli fristilt frå kvar-dagen, - eit pusterom frå dagleglivet sine ansvarsopp-gåver og impulsar, til å kunne falle til ro, få nye krefter og kanskje få nytt perspektiv på ting.

Solveig fortel om korleis ei retreat-helg kan vere: Eit helgeseminar varer gjerne frå torsdag til søndag, og det er plass til 10-12 deltakarar. Deltakarane er kun på fornamn med kvarandre, fordi det er regel om at ein ikkje skal spørje etter noko hos dei andre deltaka-rane. Som deltakar er ein fristilt frå kvardagen, og fo-kuset skal her vere her og no. Deltakarane har teieplikt på det som vert delt på fellessamlingane. Dei vert opp-moda til ikkje å bruke mobiltelefonen, helst ha den avslegen. Fokuset vert først å nullstille seg, for å «kople seg på» og vere open og mottakeleg for teamet for dagane. Deltakarane går til duk og dekkja bord, og alle måltida er stille måltid med musikk som innbyr til ro og konsentrasjon. Alle har sine faste plassar. Dette for at dei ytre faktorane ikkje skal få innverknad. Dette er ei treningssak, og kan ta litt tid å venne seg til.

Første kvelden snakkar rettleiar om korleis det er å nullstille seg, å kople ut kvardagen og den ytre påverk-naden for å hjelpe ein inn i retreaten. Vidare vert det gitt ei innføring i oppgåva (gjerne meditasjonstekstar) dei kan jobbe med utifrå temaet for helga. Så skal del-takarane bruke dagen som eigentid. Dei vel sjølve kor-leis dei bruker den tida. Det kan vere å lese, gå turar, eller ikkje gjere noko verken fysisk eller psykisk. Ein bestemmer sjølv over tida utan forventning til presta-sjon. Og min refleksjon er min, den eig eg sjølv. Elles samlast ein til bønnetider fleire gonger for dag. Ein sit då i sirkel og les fellesbøn og har fellessong. Om kvel-dane er det samling, der ein kan dele litt frå dagen om ein vil det. Det er valfritt. Vel eg å dele noko, skal ikkje dei andre gi kommentarar på det. Berre høyre på og lytte. Siste kvelden samlast dei til «Kjærleiksmåltidet». Det vert på ein måte som ein nattverd der det er baka eit spesielt brød som vert sendt rundt, som dei bryt og gjev til kvarandre. Søndag er det felles frukost og av-reise i løpet av føremiddagen.

Gudsteneste på keltisk retreat.

Foto: Britt Lundby Hilde



Det Solveig synest er så bra med retreat, er at ingen forventar noko av deg, og ingen som korrigerer i tankegangen. Og det er opp til meg sjølv kva eg vel å bruke tida og tankane mine på desse dagane. Men går ein inn for å fordjupe seg i oppgåva kan det vere krevjande. Eg kan be om samtale med rettleiar, som rettleier meg ved å stille motspørsmål. Han seier ikkje mot mine tankar men fører til vidare refleksjon. Og ikkje noko er rett eller gale!

Som døme på oppgåve kan vere refleksjon om forteljinga «Frans av Assisi og ulven frå Gubbio». Eller «Dei sju dødssynder» som er overlevingsstrategiar som kan vere til skade for andre. Det er derfor viktig at vi ved vår veremåte reflekterer over dei ved kontemplasjon, så vi er til minst muleg skade. Det ein gir bevisstheit, kan ein i stor grad velje korleis ein vil forholde seg til.

Eit resultat av ein god retreat kan for meg vere ein følelse av lettheit, og ei kjensle av lys, fridom og open-

heit til å vere ein kristen som er meir og meir meg sjølv. Eg får ei kraft som gir meg frikjensle ved å erkjenne og bli bevisst det eg kjenner på. Det gir påfyll ved å vere open og mottakeleg for det eg ynskjer å få påfyll av.

Ein fin rytme er å avslutte kvar dag med å reflektere over dagen og finne noko som er fint, - stort eller lite, og takke for det! For Solveig er retreat på førsteplass til å få påfyll av energi. Men viktig er også trening i Idrettshuset på Hjelle, og å bruke naturen både i arbeid og fritid.

Retreat har svært vid breidde i sine tema. For å nemne nokre få er det fjellretreat, ignatiansk retreat, keltisk retreat, retreat med sanseopplevingar og vandring, retreat med Rosenmetoden, eller kurs i enneagram.

Takk for praten Solveig.

Hornindal

Den 10. mai var den årlege ryddedugnaden på kyrkjegarden i Hornindal. Frå midt på dag til tidleg kveld var ca. 15 frivillige innom og gjorde ein innsats for å få det vårfint før 17-maihelga. Tusen takk frå soknerådsleiaren!



Foto: Christine Haugen

Barnehagebarn på vandring i påskehistoria

Fekk rope «hosianna» og dele polarbrød på påskevandring

Før påske var Tonning, Vikalida, Bedriftsbarnehagen, Loen og Olden barnehage med på påskevandring i regi av kyrkja. Barnehagane i sentrum hadde vandring inne på Betania, medan barnehagane i Olden og Loen hadde vandring ute i barnehagen.

Påskevandring er ei vandring gjennom dei ulike dagane i påskeveka, der borna får vere med på det som skjer. Den skal vere med å gje eit innblikk i bakgrunnen for dei ulike dagane i påskeveka og tradisjonar i samband med påskefeiringa.

Post 1: Kven er Jesus

Vi snakkar litt om Jesus, som ikkje lenger er ein liten baby, men ein vaksen mann. Vi snakkar om venene hans (læresveinane) og om at folket i Israel venta på ein konge. Jesus var konge, men han var ein annleis konge. Han var ingen krigarkonge, men ein konge for hjarta.

Post 2: Palmesøndag

Borna får vere med inn i Jerusalem å vifte med «palmegreiner».

Post 3: Skjærtorsdag

Jesus og venene skal feire påskemåltid saman. Han overraskar alle med å vaske føtene deira, for å vise kva det vil seie å vere ein god ven, og ein god leiar. Vi snakkar litt om kvifor dei vaska føtene (låg ved bordet), og så får alle barna som vil vaske hendene sine i baljen. Så snakkar vi litt om at Jesus åt saman med venene sine, og at dette måltidet vert feira i kyrkjer den dag i dag. Vi et polarbrød og druer saman, og snakkar om at Jesus

var glad for å få vere saman med venene sine, men at han visste at dette var siste gong dei skulle ete saman.

Post 4: Langfredag

Vi snakkar om at mange var glad i Jesus, men ikkje alle. Det var nokre menneske som ville at han skulle dø. Vi snakkar om at Jesus vert tatt til fange, og må dø, og at det vert heilt mørkt når han dør, enda det var midt på dagen.

Post 5: Påskedag

Vi går til grava, tar bort steinen, og ser at grava er tom. Jesus er ikkje der. Vi får høyre om Maria som kjem til grava, og som får møte Jesus i hagen. Vi pyntar med blomar som borna har laga

Beate kateket

Beate har sendt med bilde med vask av hender og føter, påskemåltidet og møtet med den tome grava.



Liturgisk hjørne:

Nattverdsbøna

ved Hege Høibye

Eg har brukt ein del tid på å sjå på nokre av dei forskjellige prefasjonane, og har tenkt til å bevege meg litt vidare og sjå på nokre andre delar av nattverdsbøna.

Nattverdsbøna tek til med prefasjonen (den innleiande lovsongen), held fram etter Sanctus (Heilag) og etter Verba (innstiftingsorda). Vi har i dag sju nattverdsbøner å velje mellom (gitt namn frå A til G), og dei har forskjellige preg. Eg har tenkt til å sjå litt på dei enkelte bønene i seinare nummer, og her konserterer meg om det dei har felles.

Den delen av bøna som kjem etter Sanctus, er oftast lengste delen av nattverdsbøna. Den er ei lovprising og er retta mot Faderen, slik prefasjonen også er. Dette er ei forandring frå liturgien frå 1977. Der var det to nattverdsbøner å velja mellom, den eine retta mot Sonen og den andre først mot Faderen og deretter mot Sonen. Denne forandringa var ei del av det økumeniske arbeidet i kyrkja.

Denne delen av bøna inneheld to ledd. I det første leddet lovar vi Gud for Jesu frelseverk. Denne delen av bøna inneheld ei kortare eller lengre gjenforteljing av frelseshistoria eller ei samanfatting av den. Denne oppbygninga, - at vi byrjar bøna med å lova Gud for det han har gjort, er ei gamal tradisjon som kjem frå jødisk bønep praksis og har vore ei viktig del av den kristne bøna også. Den er éin av to bønetyper vi finn att i det gamle testamentet: velsigningsbøna (berakah) og takkebøna (hodaya). Velsigningsbøna, som nattverdsbøna er utleia frå, velsignar Gud og inneheld ei takk for det han alt har gjort og minner om at Gud er trufast og



kjærleg. Ikkje fordi Gud treng å bli mint om det, men for at vi skal minnst det. Dette gjer dei forskjellige nattversbønene med ulike detaljar, men det skal eg sjå på ved seinare høve.

Det andre leddet er ei påkalling av Anden, også kalla epiklese. Den skreiv eg nærare om i eit tidlegare nummer av Kyrkjelokka (nr 2 i 2019). I alle nattverdsbønene, utanom nattverdsbøn F, ligg epiklesen før innstiftingsorda, for mellom anna å gjere innstiftingsorda sentrale i feiringa.

Etter Verba og proklameringa av mysteriet i trua, fortset nattverdsbøna før Herrens bøn. Denne siste delen av nattverdsbøna er ei viktig del, - denne inneheld det som kallas anamnesis, at vi kjem i hug Guds gjerningar i Kristus. Dette tyder ikkje berre at vi hugsar på kva Jesus har gjort, - hans død, oppstode og himmelferd, - anamnesen inneheld meir. Den byggjer på den bibelske forståinga av å minnst at det Gud ein gong har gjort, vert framleis verksamt her og no i den liturgiske feiringa.

I nattverdsbøna lovar vi Gud og gjenkallar kva han har gjort, slik at det blir levande og verksamt her og no i gudstenesta vi feirar saman. Som i heile nattverdsliturgien, vert vi henta opp frå kvardagen vår, opp framfor Gud, så vi kan stå i hans nærvær.

10 år sidan - Ei grufull, politisk motivert, handling førte til at 77 menneske, mange unge, vart drepne på AUF sin sommarleir på Utøya og i regjeringskvartalet. Hanne Kristine Fridtun, frå vår kommune, var blant dei drepne og kvart år sidan har kommunen halde minnemarkering ved minnesmerket i Betania-parken. Kyrkja var heilt frå første stund ein viktig aktør i arbeidet rundt den forferdelege hendinga. Kyrkjerom vart haldne opne og kyrkja sine tilsette deltok i sorgarbeid og støttarbeid. Oslo domkyrkje vart ein samlingsplass for både privatpersonar og offentlege representantar, og vi hugsar svært godt både minnegudstenesta og det store rosehavet utanfor domkyrkja. Kyrkja vil i år, på 10-årsmarkeringa, få ei sentral rolle mange stader, også i Stryn. Følg med i annonseringa av minnemarkeringa og bli med på å heidle minnet om Hanne Kristine og alle dei andre som miste livet 22.juli 2011.



Sommar er leirtid

Nesholmen

Etter ein lang periode utan tilbod for barn og unge, blir det leir igjen - ikkje i juni, som vanleg, men seinsommarleirar i august. Leir byr på flotte opplevingar og på Nesholmen er det fint å vere, både ute og inne.

Fellesskap, vennskap, utfordringar, tid for bibelvers og tru: Alle sider av livet høyrer med.

Barneleir: (<https://gammel.kfuk-kfum.no/kalender/barneleir-pa-nesholmen-2021>)

Barneleiren vert arrangert 6. - 8. august. Vi inviterer barn frå 1. til 4. klasse til ei hyggeleg helg med mykje spennande å vere med på.

Aktivitetsleir: (<https://gammel.kfuk-kfum.no/kalender/aktivitetsleir-pa-nesholmen-2021>)

Aktivitetsleiren frå 9. - 11. august er leiren for barn frå 10. til 13. år.

Velkomen til spennande dagar med mange kjekke aktivitetar og samlingar, og mykje uteaktivitetar.



Leirar - etter at Kyrkjeklokka kjem ut.
Påmelding: Sjå oppgjevne nettsider.

Fjordly (www.normisjon.no/sof/leirpamelding/)

Etter over eit år utan leir vonar vi no at det blir klart for SOMMARLEIR 2021 på Fjordly og Teigen! Sommarleir er for mange sommarens store høgdepunkt, og er med å skape vennskap og minner for livet! Anten du har vore på leir tidlegare, eller ynskjer å vere med for fyrste gong: DU er VELKOMEN på leir!

Tenleir: 24.-28. juni (ungdomsskule/vgs)

- ein leir full av kjekke aktivitetar, latter, seine kveldar, tidlege morgonar, god undervisning, lovsong, fellesskap og mykje mykje meir!

Tweensleir: 1.-4. juli (5.-7.kl)

- samling for «tweensa», til båtliv, bading, sport og spel, stram line, mat, underhaldning, og ikkje minst undervisning og lovsong!

Familieleir: 30. juli

- årets familieleir er gjort om til ein familiedag! Vi vonar at veret blir bra og at arrangementet i hovudsak vert utandørs.



Oddny under open himmel



Livsrytme

av Oddny Torheim

Første påskedag i 2020 hørde eg Dronning Elizabeth i England heldt påsketale til folket sitt. Den aldrande, fine dronninga gav meg eit inntrykk med det ho sa. Enkelt fortalt sa ho: *«Mange religionar har høgtider som feirar at lyset vinn over mørkret. Det vert markert med å tenne lys. Påska er ikkje avlyst. Vi treng påska meir enn nokon gong. Møtet med den oppstadne Jesus den første påska gav etterfølgjarane hans nytt håp. No er det vi som treng håp.»*

I fjor hadde pandemien nyss byrja å gjere sitt innhogg, og England var hardt råka.

No har verda opplevd to påsker med pandemi som lammar oss på mange måtar, men vi har framleis påskebodskapen.

Gudstenester i TV og radio var kjærkomne. Påskevandring på kyrkjegarden var også ei fin oppleving. Må den levande flammen frå påskebodskapen vere ein fast vegvisar for oss i møte med ei ukjend framtid!

Så kom vekene med vår.

Skal vi hauste, må vi så. Bøndene og hageeigarane veit dette. Det ligg optimisme i å så ein plante. Ein hagearkitekt uttalte: *«Hagen skal vere ein stad der vi føler oss heim, finn kvile, opplever skjønnheit og glede. Hagen er ei forlenging av heimen, eit uterom for å hente nye krefter, ein stad å kome tilbake til, som gjev oss meining og minner oss om røtene våre. Hagen er meir enn pynt. Det er fridom og oppleving.»*

Har du tenkt over at ein hage er ikkje så forskjellig frå sjelelivet vårt? Skal hagen leve, må den vere i vekst og

få næring, vatn og lys. Der er syklusar. Knoppene sprett om våren, der kjem blomster. Nokre vert til frukt, andre berre til frø. Nokre plantar gjev mat. Så kjem hausten med innhausting. Det vert mat til vinteren. Etter kvart gulnar blada og dalar stilt ned mot bakken og blir med tida til mold. Storm og kulde gjer sitt inntog. Det vert vinter og kviletid.

Korleis er det med oss?

Eit menneskebarn vert fødd. Det er som spiren. Det treng stell, mat og luft. Barnet veks. Hjelper vi til, så det får «skyte nye skot og knoppar og springe ut i full blomster»?

Om nokre år er barnet fullvakse og er i ungdomsåra, i si venaste prakt.

Manndomsåra gjev full styrke.

I salme 90, 9 står det: *«Åra går som ein pust»*, altså fort. Etter kvart kjem hausten og livskvelden.

I Forkynnaren 3,14 står det: *«Ikkje kan ein leggja noko til og ikkje kan ein ta noko ifrå»*. Tidlegare i kapittelet står: *«Alt skapte han fagert i si tid. Jamvel æva har han lagt i hjarta deira»*. Og salmisten ber: *«Lei meg på den evige vegen»*. Salme 139, 24

SOMMAR

"De fagre blomsterenger og åkrer rad på rad, de grønne urtesenger og trær som skyter blad, hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot det lys som alltid skinner frå Gud, vår skaper god."

17. mai vart det teke i bruk ein ny duk på alteret i Nedstryn kyrkje. Duken er veven av Laila Thastum Sunde. Dei eldre dukane blir brukte til å pynte altertavlefoten, som vist på bildet.

Foto: Margaret V. Flo



Tårnagentar på symboljakt i Loen

Kva er det vanlegaste symbolet på ein gravstein, og kva kan vi finne av sjeldne symbol? 7 born frå 3.-og 4. klasse møtte ved Loen kyrkje til Tårnagentsamling den 20. mai. Dei brukte ikkje lang tid på å slå fast at krossen er det mest vanlege symbolet på gravsteinane. Men berre ein gravstein hadde bilete av sommarfuglar. Borna fekk vite at dette er eit symbol for håp. Larven er livet, puppa er grava, og sommarfuglen er oppstoda frå dei døde.

Borna delte seg i tre grupper, og den fyrste timen gjekk med til å løyse oppgåver og mysterium på gravstaden. Så var det tid for mål-

tid, og etterpå leik. Tårnagentane hadde ein klar favoritt: Spark på boks. Den siste timen gjekk med til gudstenesteførebuing og gjennomføring av gudstenesta, saman med foreldre som var komne for å delta. Tårnagentane hadde laga bønner, øvd på femteiknsbøna og dramatisert forteljinga om då læresveinane fekk den heilage Ande. Kvelden vart avslutta med ein tur opp i tårnet for å sjå på kyrkjeklokkene. Der hadde kyrkjetenar Inger Rake tatt plass for å vise og fortelje. Ein kan vel gjette på at dette var høgdepunktet på samlinga, både på den eine og den andre måten.



Trusopplæring i koronatida

Smittevern og restriksjonar har gjort at vi måtte tenkje annleis om trusopplæringstiltaka denne sesongen òg. Det vart uaktuelt å overnatte i kyrkja under Lys Vaken, så vi måtte finne alternativ på dagtid. Også Tårnagentsamlingane vart stort sett avvikla på ein ettermiddag, og sjølv om vi vart møtte med mykje regn, la det ingen dempar på stemninga. I Nedstryn var det særleg populært at politimannen Vidar Stavik møtte opp for å vise korleis ein finn spor etter eit brotsverk. Karnevalsgudstenestene vart gjennomførte utandørs på ein særleg kald dag og til pinse kom det gebursdagspakkar i posten til alle andreklassingar. Så trusopp-læringsavdelinga vår har stått på og kome med idear til gjennomførlege tiltak, og mange born har fått delta på forskjellig vis. Takk til alle soknerådsmedlemmer som har deltatt, de har vore heilt nødvendige og veldig dyktige.

Tekst og foto: Henny

Meir informasjon frå Kyrkjevevja:

Ny rutine ved sletting av gravstad

Når ein gravstad blir sletta, vert gravminnet fjerna, og grava kan frigjerast til gjenbruk.

Den som fester gravstaden, eig gravminnet, og kan etter sletting ta med seg gravminnet frå gravplassen. Dei fleste ynskjer ikkje å ta vare på gravminnet, og vel å sende det til destruksjon. Dette vert gjort av dei tilsette ved gravplassane i samarbeid med kommunalt tilsette, sidan det her er snakk om monument på fleire hundre kilo som krev eigna løfte- og transportmiddel. Lova krev at dersom festar ikkje hentar gravminnet, skal det gå minst seks månader frå vedtak om sletting til gravminnet blir fjerna og sendt til destruksjon. Dette inneber ein angrefrist, og slektningar som ynskjer å forlenge festeperioden, kan få høve til å overta som festar.

Praksisen har hittil vore at gravminnet har blitt fjerna frå grava når det har blitt gjeve melding om sletting. Det har blitt plassert ved muren eller eit område for mellomagring. Om det er ein del graver som blir sletta, og det går ei tid mellom kvar gong gravminna blir henta, så har dette ved nokre høve ført til ei uheldig opphoping av gravminne. Kyrkjevevja seier seg lei for at vi i

nokre høve ikkje har klart å ivareta dette ansvaret på ein verdig måte.

Vi ynskjer difor å endre rutinane på følgjande måte: Når det kjem melding om sletting, vil gravminnet bli ståande på gravstaden, og det blir plassert eit skilt (sjå biletet) som gjer det tydeleg at gravstaden er sletta, og at gravminnet kjem til å bli fjerna.

To gongar i året vert det køyrt ein runde i kommunen og samla inn dei gravminna som blir tekne ut av bruk. Nokre dagar i forkant av denne henterunden, vil gravminna bli fjerna frå gravstaden og samla for henting på ein felles stad, - men då kun for nokre få dagar før avtalt hentedato.



KYSTPILEGRIMSLEIA

Meir himmel på fjord



ei

Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 13:30



snor

Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 14:00



...

Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 14:30



Friluftsgudsteneste

Dagsturhytta/Sørefjordshytta
Søndag 27. jun 16:00

Kystkultur.no

Opplev vår, vind og velsigning i sommar

I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, vil det bli møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedømme og Vestland fylke. Det vil vere arrangement på dei fleste av nøkkelstadane langs kystpilegrimsleia i vårt fylke: Selja, Kinn, Svanøy, Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Lygra, Seim, Bergen, Lysekloster, Halsnøy og Moster. Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjonar.

Det vert opa kyrkje ved frivillig vertskap ved Kinn kyrkje i sommar. Eigne turistruter klokka 1000 frå Florø til Kinn alle dagar utanom onsdag og søndag. Ved kyrkja er det ope for besøk og daglege tidebøner klokka 1330 og 1900. Det går ein fin rundtur omkring øya og i tillegg er det fleire fine fjellturar ein kan gå. Flora turlag driv turlagshytte på Kinn. Kinn kyrkje er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia og ein vil kunne stemple pilegrimspasset her.

Ikkje undervurder songen sin verdi!

Aftenposten si kulturside slår stort opp: **«Dropp vitaminer og fysioterapitime. Ta deg heller en trall. Flere internasjonale studier viser at sang har effekt både på vår psykiske og fysiske helse».**

Kommentaren skriv seg heilt tilbake til 2012 og gode døme på at song har ei stor betydning, blir ramsa opp i fleng:

Korfilmen om Berlevåg Mannskor, TV-programmet «Allsang på grensen», fotballsupporterar som syng av full hals, folk som syng i dusjen (og nokre berre der!), korsong i «alle» bygder og salmesongen under kyrkjetaket.

Internasjonal forskning viser at effekten av songen er svært positiv, på fleire måtar. Song har positiv effekt både på den psykiske og fysiske helsa vår. Songen skaper kjensle av identitet, - tenk berre på vestlendingen og songen «Å Vestland, Vestland», eller nordfjordingen og «Nordfjordsongen». Svært mange har sine egne favorittsongar og salmar og kva ville julekonserten i Nedstryn kyrkje vore om vi ikkje avslutta med «Deilig er jorden»? Då løyser vi på stemmebandet og stramme skuldrar slappar litt av ei stund.

Uansett når og kvar vi tek songstemma i bruk, har vi gode grunnar til å halde fram med det.

Anne Haugland Balsnes, musikkprofessor ved universitetet i Agder, seier det slik: *«Du kjenner at det gjør deg godt fysisk, du kan få bedre holdning, du øker lungekapasiteten og frigjør hormoner som reduserer stress og gir økt lykkefølelse. Men det som kanskje er enda viktigere, er den emosjonelle effekten. Sang gir en dimensjon som skaper mening og sammenheng i tilværelsen».*

Vårt Land skriv på leiarplass, 3.06.21: *«I over et år har vi blitt hindret fra å syng med hverandre. Det kan ha hatt større konsekvenser enn vi tror».*

Vi har slite med ein pandemi der noko av det farlegaste vi kan gjere, er å syng, fordi det er ein kraftig smittespreiar. Det har vore brukt spalteter for å beskrive kor ansvarslause trussamfunn og bedehus har vore i sine samlingar. Men no lengtar mange etter at pandemien skal sleppe taket og at vi igjen kan få stå i kor eller syng av full hals i forsamlingar over heile landet. Mitt ønskje er at vi no fyller kyrkjehusa med salmesong igjen og at alle kora våre både kan øve og oppetre som før.

God sommar, og hugs å ta ein trall i ny og ne.

Jarle Hessevik

Effektar av song

Fysiske effektar:

- Løyser opp i fysiske spenningar
- Betrar kroppshaldninga
- Aukar det fysiske velværet
- Aukar innhaldet av kortisol (velværehormon), antistoffet immuglobulin A og oxytocin (trøstehormon)
- Senkar innhaldet av stresshormonar

Psykiske effektar:

- Reduserer stress og skaper en kjenslemessig forløyning
- Gir glede, blir oppstemt og får godt humør
- Aukar energinivået
- Aukar kjensla av velvære
- Gir meistringskjensle

Sosiale effektar:

- Gir en følelse av å høyre til
- Gir en moglegheit for å utvikle vennskap og ha personleg kontakt med andre
- Minskar kjensle av einsemd
- Gir fellesskapskjensle

Kjelde:

Sang og velvære, Norsk visearkiv, Anne Haugland Balsnes



Kyrjekonsert i Olden med Mona Jill Band

søndag 4.juli

Tekst: Reidun Brynstad

Tradisjonen med kyrjekonsert under Oldedagane er lang. Den har brukt å vere i Gamlekyrkja.

I fjor vart det ikkje noko av Oldedagane, men soknerådet fekk arrangert konsert med vokalgruppa Stevia m/fleire, i nyekyrkja. Situasjonen i år er nok mykje den same som i fjor, med uvisse om Oldedagane, men vi tenkjer at konsert må vi ha.

Soknerådet likar å nytte lokale krefter, når det let seg gjere, so òg i år.

Mona Jill Band har sagt seg villige til å stille på, og det er vi svært glade for! Dei har eit allsidig repertoar, og noko for ein kvar smak. (Kjekt at bildet av dei her er teke nettopp i kyrkja vår.)

Så håpar vi at coronasituasjonen tilseier at folk kan ta turen til nyekyrkja i Olden denne dagen, og få med seg ei flott, musikalsk oppleving. De får følgje med på sosiale medium, plakatar og annonsering, når tida nærmar seg.



Barnekor i Nedstryn - er det muleg?

Det har vore barnekor i Nedstryn før, og det er berre eit par år sidan Stryn barnekor vart lagt ned. I pandemi-tida hadde det vel neppe blitt særleg aktivitet uansett, men det er eit sakn, både for kyrkjelyden og for mange barn og familiar.

Soknerådet har drøfta dette og to av dei som sit i soknerådet no, Nina og Silje, har sagt at dei vil ta seg av alt det praktiske med organisering av barnekoret. Det som manglar er korleiar som kan ha det musikalske ansvaret, og det blir det jobba med å finne.

No går vi mot opnare tider og det hadde vore svært kjærkome om vi igjen kunne får eit tilbod i kyrkjelyden for barn som likar å synge.

Soknerådet har denne utfordringa: Kven vil vere korleiar og drive barnekor i lag med Nina og Silje?

Kanskje får vi til noko flott i lag frå hausten?

GRAVMONUMENT

NERGÅRD
STENINDUSTRI

Sjå alle våre modellar på
www.gravstein.no

**Alle våre modeller er designet
og produsert i Norge**

Ta kontakt for katalog
John Selmer Skiftesvik
Tlf: 990 28 076

Fornying av skrift
Oppretting av gamle steiner
Nye gravsteiner

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyingar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: **www.hjelmeland.as**



Vi les Bibelen saman!

Bibelen er ein skatt!

Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du

ved Beate Nes

Jesus har eit oppdrag og eit løfte til oss!

Etter at Jesus døde, og sto opp igjen fekk læresveinane førti dagar saman med han.

Jesus viste seg for dei fleire gonger, dei fekk ta på han, snakke med han, og sitte saman med han å ete. Dei fekk mange bevis på at han levde. Jesus var akkurat som før, den beste venen dei hadde. Men sjølv om dei var heilt sikre på at det var han, var det noko som var annleis med han. No kunne Jesus plutselig gå igjennom stengte dører, og det var ikkje alltid dei kjente han igjen med ein gong han kom.

Ein gong han åt saman med dei, gav han dei denne beskjeden: «De skal ikkje dra bort frå Jerusalem, men venta på det som Far har lova, det som de har høyr av meg. For Johannes døypte med vatn, men de skal døypast med Den heilage ande om nokre få dagar.» (Det er det som skjer i pinsa. Det skal vi snakke om ein annan gong.)

Jesus og venene gjekk ofte tur saman, og no hadde han tatt dei med opp på fjellet. Medan dei sto der og såg utover sa Jesus: Høyr godt etter no, dette er viktig! De skal få eit oppdrag.

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til

namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Då han hadde sagt dette, vart han lyft opp mot himmelen medan dei såg på, og ei sky tok han bort for auga deira. Medan dei framleis stod der og stirte opp mot himmelen der han var blitt borte, stod det med eitt to menn i kvite klede framfor dei og sa: «kvifor står de og ser opp mot himmelen? Denne Jesus, som vart teken bort frå dykk opp til himmelen, han skal ein dag koma att på same måten som de såg han fara opp til himmelen.»

Då vende dei tilbake til Jerusalem frå den høgda som heiter Oljeberget og ligg nær Jerusalem. Inne i byen gjekk dei opp på den salen der dei brukte å halda til. Det var Peter og Johannes, Jakob og Andreas, Filip og Tomas, Bartolomeus og Matteus, Jakob, son til Alfeus, Simon seloten og Judas, son til Jakob. Alle desse heldt trufast saman i bøn, i lag med nokre kvinner og Maria, mor til Jesus, og brørne hans.

(Matteus 28 og Apg 1)

Pinsefeiring

Før pinse fekk alle døypte 2.-klassingar ein pinsepakke i posten.

I pakken var det utstyr for å lage bursdagsfest og beskjed om å sjå pinsefilmen vi har laga.

Pinsa var starten på kyrkja, sånn som vi kjenner den, så difor passar det fint å feire pinsa sin bursdag.

Vi har fått inn nokre teikningar og bilete av bursdagsfeiring; Sjå kor kjekt det ser ut!



Snakk saman:

Gå ut i heile verda og fortel om meg, sa Jesus til læresveinane. Vi kallar det misjonsbefalinga. Læresveinane gjorde som Jesus hadde sagt, dei gjekk ut og fortalte, og gav oppdraget vidare til dei som dei møtte. No er oppdraget vårt. Dette oppdraget som Jesus gav læresveinane har du kanskje høyrte før? Dei vert lest i kyrkja, kvar gong vi har dåp!

Korleis kan vi vere med å få fortellinga om Jesus vidare ut i heile verda? Må vi reise langt, for å fortelje nokon om Jesus, eller kjenner vi nokon som bur her, som vi vil at skal bli kjent med Jesus? Korleis kan vi hjelpe nokon å bli kjent med Jesus?

Oppgåve:

Oppdraget som Jesus gav, var til alle oss som trur på Jesus. På grunn av dette oppdraget er det nokon av oss som jobbar i kyrkja, nokon driv kor og klubb for barn og unge i bygdene våre, nokon går på misjonsforeining og nokon reiser langt ut i verda for å fortelje om Jesus til folk som kanskje ikkje har høyrte like mykje om han som vi har.

No lurar eg på om det er noko du og eg kan gjere for å hjelpe dei som vert misjonærar og reiser ut i verda for å fortelje om Jesus?

Kan de finne eit prosjekt de har lyst å gje pengar til? I kyrkjene våre har vi prosjekt som vi støttar, kanskje kan de samle inn pengar til eit av dei prosjekta, eller

kanskje kan de begynne å be for misjonsprosjektet? Ta kontakt med oss om de ynskjer meir informasjon om misjonsprosjektet enn det som de finn i kyrkjeklokka.





Slekt
skal følgje
slekters
gang




Frå kyrkjebøkene (17.02. - 01.06.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Loen	Nedstryn	Hornindal
Døpte: 03.04. Jakob Heen-Oppheim Foreldre: Lene Heen-Oppheim og Sølve Oppheim 03.04. Rasmus Matthew Velayo Oppheim Foreldre: Adelina Velayo Oppheim og Frode Oppheim 30.05. Elias Løken Sæten Foreldre: Malin Løken og Casper Sæten Vigde: 01.05. Marta Elise Hagen Baade og John Magne Nordahl Gjerde Døde: 14.04. Ole Matias Nesdal f. 1942	Døpte: 01.05. Aksel Muri Hopland Foreldre: Ingvild Muri og Alexander Hopland 13.05. Maja Tansøy Sebakk Foreldre: Dina Marie Tansøy Eide og Sondre Nilsen Sebakk Vigde: 13.03. Vivian Tvinnereim og Thorvald Sæverhagen Døde: 05.02. Harald A. Sunde f. 1928 15.03. Jorunn Anne Husevåg f. 1956 24.03. Ingebrikt Fænn f. 1935 29.03. Inge Sigbjørn Løddøen f. 1928	Døpte: 07.03. Tiril Sandnes Tronstad Foreldre: Reidun Elisabeth Sandnes og Lars Elling Tronstad Døde: 07.03. Magnar Johan Holvik f. 1942 04.05. Anna Grodås f. 1929
Nordsida	Olden	Oppstryn
Døde: 29.03. Bjørn Roset f. 1951 28.05. Dorthea Steinsåker f. 1923	Døpte: 27.02. Maria Kalhagen Foreldre: Lisbeth Anita Mykløen og Lars Kalhagen. Døpt i Ljosheim 23.05. Markus Severin Kvamme Foreldre: Lise Mari Tonning og Per Øyvind Kvamme Døde: 07.04. Erling Anfinn Berge f. 1940 01.05. Roald Muri f. 1951 27.05. Astrid Skogli f. 1938	Døpte: 28.02. Isak Maurset Aarnes Foreldre: Helene Maurset og Espen Aarnes Søgaard 13.03. Helene Berstad Heggdal Foreldre: Alma Marie Krogh Berstad og Lars Benoni Heggdal
Innvik	Utvik	Randabygd
Døpte: 13.03. Tobias Hilde Luggenes Foreldre: Lindis Kristine Hilde og Steffen Aleksander Luggenes Døde: 24.02. Grethe Marie Hilde f. 1941 07.03. Knut Taraldset f. 1943	Døpte: 22.05. Liam Veiteberg Hauge Foreldre: Eli Birgitte Veiteberg og Torgeir Hilde Hauge Vigde: 22.05. Kristin Hage og Pål Gran Kielland Døde: 15.03. Sverre Tisthamar f. 1924 19.04. Einar Arne Berge f. 1939 01.06. Inga Berge f. 1933	

Ingen meldingar





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

27. juni

5. s i treeiningstida – Matt 7, 21-29

- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste
- **Bendiknaustet, Flo 13:00** Friluftsgudsteneste
- **Sundshaugen, Olden 14:00** Friluftsgudsteneste

04. juli

Aposteldagen / 6. s i treeiningstida – Matt 16, 13-20

- **Utvik 11:00** Gudsteneste. Ved Harald Runde
- **Selja, Selje 12:00** Seljumannamesse.

Predikant Ingeborg Midttømme, biskop i Møre

11. juli

7. s i treeiningstida – Luk 19, 1-10

- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste
- **Innvik 11:00** Gudsteneste

18. juli

8. s i treeiningstida – Mark 12, 37b-44

- **Per Bolstads plass, Stryn 11:00** Friluftsgudsteneste
- **Olden 11:00** Gudsteneste
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste

25. juli

9. s i treeiningstida – Joh 8, 2-11

- **Loen 11:00** Gudstenest
- **Nordsida 12:00** Gudsteneste

29. juli

Olavsdagen / Olsok – Luk 9, 23-26

- **Olden gamle kyrkje 18:00** Olsokmesse
- **Oppstryn 20:00** Olsokmesse

01. august

10. s i treeiningstida – Matt 18, 21-35

- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste
- **Utvikfjellet, kaféen 15:00** Fellesgudsteneste m. Breim

08. august

11. s i treeiningstida – Mark 2, 23-28

- **Nordsida 11:00** Gudsteneste. Ved Hege Høiby
- **Anders Svor museum, Hornindal 13:00?** Gudsteneste

15. august

12. s i treeiningstida – Luk 8, 1-3

- **Loen 11:00** Skåla Opp – gudsteneste
- **Nedstryn 16:00** Gudsteneste. Fyrsteklasses

22. august

13. s i treeiningstida – Luk 12, 41-48

- **Bombeneset, Oppstryn 11:00** Friluftsgudsteneste
- **Innvik 11:00** Gudsteneste

29. august

Vingardssøndag / 14. s i treeiningstida – Luk 17, 7-10

- **Loen 11:00** Gudsteneste
- **Randabygd 11:00** Gudsteneste
- **Hornindal 11:00** Familiegudsteneste. Fyrsteklasses
- **Kårstadstøylen, Utvik 14:00** Støylsmesse
- **Ljosheim, 16:00** Gudsteneste. Skaparverkets dag

05. september

15. s i treeiningstida – Luk 10, 38-42

- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste
- **Olden 11:00** Gudsteneste
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste

11. september; laurdag

- **Hornindal 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste ELLER SØNDAG

12. september

16. s i treeiningstida – Matt 5, 10-12

- **Bødal, Loen 13:00** Friluftsgudsteneste
- **Nedstryn 19:00** Salmekveld. Ved Henny Koppen
- **Hornindal 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste. ELLER LAURDAG

19. september

17. s i treeiningstida – Luk 7, 11-17

- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste
- **Innvik 11:00** Gudsteneste
- **Randabygd 11:00** Hausttakkefest

26. september

18. s i treeiningstida – Matt 8, 5-13

- **Nedstryn 11:00** Hausttakkefest
- **Utvik 11:00** Gudsteneste.



Informasjon/ Fullistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

9-kyrkjers-turen 2021!

Nedstryn kyrkje Dato:	Loen kyrkje Dato:	Oppstryn kyrkje Dato:
Innvik kyrkje Dato:	Olden gamle kyrkje Dato:	Olden nye kyrkje Dato:
Utvik kyrkje Dato:	Nordsida kyrkje Dato:	Randabygd kyrkje Dato:

Set inn datoen for kvar kyrkje du besøker, - gjerne i samband med ei gudsteneste, men det er ikkje noko krav. På oppslagstavla utanfor kyrkja finn du eit ord. Samle alle orda og set dei saman til ei setning som du skriv inn her:

Vi trekkjer éin heldig vinnar blant dei som har besøkt alle 9 kyrkjene.

Svarfrist 31. august.

Leverast til kyrkjekontoret i Stryn eller på mail til beate.nes@stryn.kommune.no

Neste nummer får du i posten rundt 30.09. Redaktør vert: Knut Sigurd Gald
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til: knut.gald@enivest.net innan 27.08.